

Norges Fjordhestlag
Myroldhaug
6770 Nordfjordeid

Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 01/2021 Type: Skype
Tid: Torsdag 14.01 kl. 20.00.

Desse møtte:
Hege Sæther Moen
Vidar Heggheim
Ingvild R. Hansen
Ben Hjelmervik
Giljar Groven
Bjørn Vollstad

Sak 01/20 Godkjenning av referat frå møte 14/20.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag godkjenner referatet som det ligg føre.

Sak 02/21 Kåringsnemnd 2021.

Vedtak:

Styret i Norges fjordhestlag støttar avlsutvalet si innstilling til kåringsnemnd og utnemner Nils Ivar Dolvik, Anne Siril Horstad Bruland, Live Haugen, Guri Haarr, Kari-Anne Indrebø, Reinert Skumsnes, Jodvar Herheim, Nils Runnane og Olav Stormorken.

Norges Fjordhestlag har i år foreslått fleire kåringsdommarar enn vanleg på grunn av covid-situasjonen. Intensjonen er ikkje at dommarlaga skal vere større enn normalt. Vi ynskjer at ein i den praktiske dømninga prioriterer dei dommarane som har lengst fartstid innan dømning av fjordhest og som tidlegare har vore med i kåringsnemnda for fjordhest. Dersom det vert brukt to dommarsett, ynskjer vi at dei mest erfarne dommarane skal fordelast likt over desse, for å sikre eit så likt utgangspunkt som mogleg for begge dommarsetta.

Sak 03/21. Norsk Hestesenter si terminliste utstillingar 2021- innspel.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag ønskjer å konsekvens utreie kva alternanderande utstillingar og samanslåing av utstillingar fører til, og det må sjåast i samanheng med strategiplanen Norsk Hestesenter med

bakgrunn i at utstillingane er vårt viktigaste avlstiltak. Difor vil ein oppretthalde unghestskuet både i Førde og Breim. Hoppeutstillinga i Romsdalen 6.juni bør flyttast til august.

Sak 04/21 Hesteforskningsmidlar - ny finansieringsordning.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag gjev leiar i samarbeid med sekretær fullmakt til å spele inn aktuelle tema som avteikn, sommareksem og internasjonalt hesteregister til søknadsordninga. Hesten si rolle som terapeut må ein og arbeide for å få med som prosjekt.

Komande styremøter blir 10.02 og 17.02.

referent
Asle Espe